
Fra: Nils Ulvund [mailto:nils.ulvund@sunndals.net]
Sendt: 29. juli 2012 22:46
Til: Postmottak KUD
Emne: Stadnamnlova

Ålvundfjord og Ålvundeid Mållag vedtok i styremøte 26. juni å stø fråsegna frå Trønderlaget. Ålvundfjord og Ålvundeid er lokallag i Noregs Mållag og er eit av 8 lag som utgjer Nordmøre Mållag.

Fråsegna er innlima nedanfor.

Ålvundfjord 29.juli 2012

Mvh. Nils Ulvund, leiar
90 02 71 61

Om framlegg til endring i Lov om stadnamn.

Trønderlaget, som er fellesorganisasjonen for mållaga i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag sør for Namdalen, har i dag på styremøte gjort følgjande vedtak for kommentar til framlegget til endring i Lov om stadnamn:

Trønderlaget har tidlegare ytra seg kritisk til stortingsvedtaket 13. januar 2009 der Stortinget slutta seg til framlegget frå høgrerepresentantane Olemic Tommessen og Øyvind Halleraker om at “endring av bruksnavn ikke kan skje uten grunneiers samtykke”. Dette botnar i ei privatrettsleg oppfatning frå forslagsstillarane om at “slektsnavn følger gårdsnavn, har lange tradisjoner i vårt land”. Slik er det ikkje. Gards- og bruksnavn var adresser dei fleste stader til først på 1900-talet, og slektsnavn vart først pålagt ved vår første personnamnlov av 1923.

Det har såleis gjennom all tid vore ansvaret til samfunn og styresmakter å ta vare på dei nedarva gards- og bruksnamna og å gje dei ein forsvarleg skrivemåte. Dette er etter vårt syn ikkje berre ein samfunnsrett, men òg ei samfunnsplikt. Den noverande stadnamnlova tek etter vårt syn godt vare på dei ulike brukarane, både i lokalsamfunna så vel som storsamfunnet.

Med dei endringane som departementet no foreslår (§ 6 og § 8 i lova), vil det etter kvart bli ei mengd med dobbeltformer for same staden, slik t.d. bruksnamnet Mohn og gardsnamnet Moen, eller Wahl og Val, Halleraker, Halderaker, Hallaråker osv. Dessutan vil det lett føre til lokal strid om kva for skriftform ein skal bruke, gards- eller bruksnavn, òg avleidde namn, t.d. i kommunale samanhengar.

Særleg alvorleg vil slike dobbeltformer vera når ein skal lokalisere ulike stader (t.d. ved bruk av GPS) – vi tenkjer særleg på redningstenesta, ambulanse- og brannutrykkingar. Prinsippet om at ein stad skal ha berre eitt namn og ei skriftform i norskspråklege område har stått sterkt. Framlegget om endring av Lov om stadnamn vil skiple dette, og Trønderlaget vil rå ifrå det.

Å føre inn slektsnamnskrivemåtar som Mohn og Schiefloe (Skjeflo) vil dessutan føre til at

namna blir uforståelege for folk flest, og dei språklege røtene vil bli rivne av. Slik vil òg den foreslåtte endringa av lova bryte med den kulturverntanken som er ein berebjelke i den noverande lova.

På denne bakgrunnen vil Trønderlaget rå ifrå at ein endrar Lov om stadnamn.